



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
25.02.2015  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2015/619 612  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Barnehagemyndigheten

### **Kompetansemidlar 2015 til barnehagar - tilskotsbeløp - Prosjektnummer 21000**

I statsbudsjettet for 2015 er det løyvd kr. 4 984 000 til kompetansemidlar som skal tildelast kommunane i Hordaland. I vårt brev til kommunane datert 13. januar 2015, melde vi om dette, med førebels melding om beløpet til kvar kommune.

Som før er ti prosent av midlane fordelt likt mellom kommunane. Dei resterande midlane er fordelt etter barnetal pr. 15. desember 2014. No føreligg talet på barnehagebarn, og beløpet er justert tilsvarende. Det er teke omsyn til at barn under tre år krev dobbelt så mange tilsette som dei som er over tre. Tildelinga skal gjelde for private og kommunale barnehagetilsette. Kor mykje kvar kommune kan søkje om, går fram av vedlegget. Midlane vert utbetalt etter søknad våren 2015.

### **Kompetanse for framtidens barnehage**

Midlane er løyvd til rekrutterings- og kompetansetiltak som oppfølging av *Kompetanse for framtidens barnehage - Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 - 2020*.

Dei kommunar som ynskjer det, kan også bruke kompetansemidlar til rekrutteringsprosjekt til dømes «Ungdomsskulegutar som leikeressurs». Fylkesmannen har ikkje andre midlar tilgjengeleg til prosjektet i 2015.

### **Vikar- og reiseutgifter er ikkje inkludert**

Utdanningsdirektoratet presiserer at løyvinga berre gjeld for utgifter til rekrutterings- og kompetansetiltak. Kompetansemidlane kan difor ikkje brukast til å dekke tilsette sine kostnader t.d. overtid, vikar og reiser. Slike utgifter er barnehageeigar sitt ansvar og inngår som ein del av rammeoverføringane frå staten til kommunane.

Det er framleis høve til å bruke midlane til faglitteratur i tilknytning til kompetansetiltaka.

**Søknadsfrist 30.juni**

Søknaden med vedlegg som viser kommunen sin plan for bruken av disse midlane, skal sendast til Fylkesmannen, [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) innan 30.juni 2015. Vedlegget skal berre vise plan for bruken av det omsøkte beløpet.

Kommunen sin plan skal omfatte tiltak som skal tilbydast tilsette både i kommunale og private barnehagar.

Tilskotet vert utbetalt snarast etter kvart som søknadene kjem inn.

**Vedlegg:** Kompetansemidler 2015.

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*